# Kvifor held me jol?

Kva hev me som grunn for å högtida joli?
Dei heidenske fedrane festa for soli,
med menneskjeofring, med öl og med mjöd
til solguden, hovding for liv og for död.
Ja, dette var heidendom. Meiningslaus villa.
Me tykkjer det heile var syrjeleg illa!

— a —

Men kva er _vår_ grunn for å högtida joli:
Jau, strålar frå sjölvaste Heilagdoms soli
rann mildt over heidendoms myrkret i nord
ga meining i livet frå fjellbryn til fjord,
då Jesus oss berga or daudingedansen
og gav oss vårt livsrom i solrenningsglansen

— a —

Men mange held Jesus - Guds Nådesol - ute,
med blendingsgardiner for hjarta og rute.
Dei trivast i myrkret. Me ser det med gru
Kor folk vil attende til heidendom snu.
Men _fest_ vil dei hava, og högaste spissen
er _rusdrykk_ og _alleslags_ _gåvor_ frå _nissen_.